

Saksbehandlar: Kristin Arnestad  
Avdeling: Næringsavdelinga  
Sak nr.: 10/5778-27

---

## **Mandat for utval som skal sjå på entreprenørskapssatsinga og val av politiske representantar**

### **Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Hovudutval for plan og næring vedtek mandat for utvalet som skal sjå på entreprenørskapssatsing i Sogn og Fjordane slik det ligg føre i vedlegg 1.
- 2 Som leiar i utval som skal sjå på entreprenørskapssatsinga i Sogn og Fjordane vert valt:  
  
Leiar:
- 3 Som medlem i utval som skal sjå på entreprenørskapssatsinga i Sogn og Fjordane vert valt:  
  
Medlem:
- 4 Fylkesdirektør for næring får fullmakt til å utnemne andre medlemmer i utvalet i tråd med mandatet.

### **Fylkesdirektøren for opplæring rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Som medlem i utval som skal sjå på entreprenørskapssatsinga i Sogn og Fjordane vert valt:  
  
Medlem:

#### Vedlegg:

1. Framlegg til mandat for utval som skal sjå på entreprenørskapssatsinga i Sogn og Fjordane

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

Sak til hovudutvala i september om utvikling av programstyret for entreprenørskap og nyskaping og vidareføring av satsingsområdet

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn**

#### Bakgrunn for at saka er reist

I sak 21/12 til hovudutvalet for opplæring og sak 49/12 til hovudutvalet for plan og næring

var avvikling av programstyret for entreprenørskap og nyskaping, og vidareføring av satsingsområde handsama.

Hovudutvala vedtok korleis vidareføring av satsingsområde skulle skje på kort sikt (2013), og vedtok at det skal setjast ned eit utval som skal sjå på entreprenørskapssatsinga i Sogn og Fjordane på lenger sikt. Utvalet skal vere ein viktig bidragsytar i arbeidet med regional verdiskapingsplan.

Hovudutvala vedtok også at det skulle utarbeidast eit eige mandat for utvalet som skal vedtakast av hovudutval for plan og næring, og at hovudutvala skal velje representantar til utvalet. Hovudutval for opplæring skal velje ein representant og hovudutval for plan og næring skal velje to representantar. Denne saka omhandlar vedtak av mandat og val av politiske representantar i tråd med vedtak frå september.

### Problemanalyse

Begge hovudutvala handsama same saksframlegg i september, og begge utvala hadde endringsframlegg til punkt 3 i vedtaket som omhandla mandat og deltaking i utvalet. Men det er ein liten skilnad i vedtaka. Hovudutval for opplæring har sagt at utvalet skal bestå av to representantar frå administrasjonen, samt to frå næringslivet i tillegg til tre representantar som vert politisk valt. Hovudutval for plan og næring har ikkje talfesta talet på medlemmer, men sagt at utvalet skal bestå av representantar frå administrasjonen og representantar frå næringslivet, i tillegg til dei politisk valde representantane

Fylkesdirektøren meiner det er fornuftig å velje to næringslivsrepresentantar, men meiner det er større behov for representantar frå andre organisasjonar enn mange frå fylkeskommunen.

Fylkesdirektøren har elles valt å tolke vedtaka frå september slik at utvalet minimum skal innehalde representantar frå fylkeskommunen og næringslivet. Vi meiner utvalet må representere breidda av entreprenørskapsarbeidet, og at det er viktig å få med andre sentrale aktørar. Til dømes er Innovasjon Norge eit av dei viktigaste verktya til fylkeskommunen når det kjem til entreprenørskapsarbeid.

## **2. Vurdering – innhald i mandatet**

### Oppdrag – kva skal utvalet levere og korleis skal leveransen nyttast

Entreprenørskap kan vere eit vidt omgrep. Sjølv om det er ynskjeleg at vi i neste strategi ser entreprenørskap meir samla enn i førre periode, så rår vi til å avgrense oppdraget til utvalet. Dersom dei skal sjå på alt, så kan det bli ein for omfattande jobb for eit utval som ikkje har uavgrensa ressursar til å arbeide mellom møta. Vi rår heller til at utvalet ser grundig på fasen ein gründer går gjennom, frå mobilisering, ide, til etablering, og første fase i etablert bedrift.

Dette inneber at entreprenørskap i utdanning er med, men sosialt entreprenørskap og entreprenørskapsånd knytt til bygdeutvikling og samfunnsutvikling og også entreprenørskap, knoppskyting og innovasjon i eksisterande verksemder ikkje er ein del av oppdraget.

Samanliknar vi med Innovasjon Norge sin nye strategi vil oppdraget i stor grad samsvare med det eine delmålet som er fleire gode gründerar

### Forventa leveranse

Utvalet bør levere ein fagrapport som både trekkjer opp no-situasjonen, og dei viktigaste utfordringane, og kjem med framlegg til dei viktigaste målsetjingane framover.

Sidan handlingsplanen til regional verdiskapingsplan ikkje er vedteken, så er det enno litt uklart korleis rapporten vil bli brukt. Vi rår til at den enten går inn som eit innspel til arbeidet med verdiskapingsplanen (om handlingsprogrammet legg opp til det), eller i eit eige strategiarbeid for entreprenørskapssatsing.

Rapporten bør formelt bli overlevert til fylkesdirektør for næring, som vil nytte den inn i arbeidet med regional verdiskapingsplan. Rapporten vil vere bakgrunnsmateriale for partnerskapen i utarbeiding av framlegg til ny plan, og som bakgrunnsmateriale ved politisk vedtak. Rapporten vil bli sett i samanheng med andre innspel, som til dømes evaluering av kommuneprosjektet og samkøying med Innovasjon Norge sin nye strategi.

### Organisering

Utgangspunktet er vedtak frå sak i oktober, der hovudutvala vedtok at utvalet skulle bestå av tre politikarar og to representantar frå næringslivet. Det er også tatt utgangspunkt i organisasjonar som er representert i dagens programstyre for entreprenørskap, men det er også teke med nokon nye for å få med deltakarar som representerer breidda av det oppdraget som utvalet får og for å få inn nye tankar. Deltakarane skal representere dei ulike fasane mobilisering, ide, etablering, og tidleg etablert verksemd.

Ein fagrapport bør også bygge på oppdatert forskning. Det er tatt med ein representant som kan ha eit FoU-perspektiv på dei ulike fasane i entreprenørskapsprosessen. Det er også tatt med ein representant for forskingsprosjektet i VRI. Frå VRI får vi inn ny forskning på ungdom og entreprenørskapshaldningar i Sogn og Fjordane.

Hovudutval for plan og næring og hovudutval for opplæring vel politiske representantar i denne saka. Vi ber om at fylkesdirektør for næring får fullmakt til å oppnemne deltakarar frå andre organisasjonar. Dette har praktiske årsaker, då vi må spørje aktuelle deltakarar og leiarar når mandatet er vedteke.

### Rammer og ressursar

Vi har lagt opp til at utvalet skal arbeide med fagrapporten frå 1. januar til 1. juli 2013. Om utvalet er klar, og ynskjer å starte tidlegare kan dei sjølv sagt det. 1. juli er sett sidan handlingsprogrammet til verdiskapingsplanen då etter planen er vedteke, og rapporten kan gå inn i vidare arbeid. Dette blir enten som del av verdiskapingsplanen, eller som eit eige strategiarbeid for entreprenørskap. Dette blir avklart i handlingsprogrammet til verdiskapingsplanen.

Næringsavdelinga vil stille med ein sekretær for utvalet. Sekretæren skal bistå leiar i praktisk arbeid, men det vert lagt opp til at medlemmene i utvalet må medverke i undersøkingar og tekstproduksjon. Utvalet kan sjølv sagt organisere arbeidet slik dei finn det best, t.d. gjennom arbeidsutval.

### **3. Konklusjon/tilråding**

Hovudutval for plan og næring vedtek mandat for utvalet som skal sjå på entreprenørskapssatsing i Sogn og Fjordane slik det ligg føre i vedlegg 1.

Som leiar i utval som skal sjå på entreprenørskapssatsinga i Sogn og Fjordane vert valt:

Leiar:

Som medlem i utval som skal sjå på entreprenørskapssatsinga i Sogn og Fjordane vert valt:

Medlem:

Fylkesdirektør for næring får fullmakt til å utnemne andre medlemmer i utvalet i tråd med mandatet.

**Fylkesdirektøren for opplæring rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:**

Som medlem i utval som skal sjå på entreprenørskapssatsinga i Sogn og Fjordane vert valt:

Medlem: